INFORMASJON TIL HEIMEN

I N N S A T S F O R A N D R E 2 0 2 6



I veke 45 har vi ei veke som heiter “Innsats for andre” på Frøyland skule. I år skal vi igjen samla inn pengar til “Ye-Amlak-Lijoch” i Addis Abeba, hovudstaden i Etiopia. Dette er ein mødreheim som vart starta for 5 ½ år sidan. Fattige og sårbare tenåringsmødre får bu på mødreheimen i 6-9 månader. Her får dei oppleve omsorg, respekt og kjærleik, og håpløyse blir vendt til håp og livsglede. (Det vert ikkje drive med evangelisering på mødreheimen).

I juni i år var 3 av lærarane på Frøyland skule på besøk på mødreheimen og fekk sjå og oppleva kva pengane me samlar inn går til. Dette var ein tur som lærarane betalte sjølv.

Pengane me samlar inn går uavkorta til:
- leige av huset som dei bur i
- enkle senger til mor og barn
- meir opplæring og undervisning om helse, hygiene, babystell, matlaging og reinhald i tida dei bur på mødreheimen
- lønn til ein sosialarbeidar som kan følgja opp unge mødre som bur utanfor mødreheimen
-Tilbud om barnepass/”daycare” til mødre som har fått arbeid eller dei som kan fullføre utdanning.








I år skal vi samla inn pengar til “Ye-Amlak-Lijoch” i Addis Abeba, hovudstaden i Etiopia. Dette er ein mødreheim som vart starta for 5 ½ år sidan. Fattige og sårbare tenåringsmødre får bu på mødreheimen i 6-9 månader.

I Veke 45 vil vi arrangera eit sponsorløp for heile skulen. Elevane spring så mange rundar dei klarer i løpet av ein skuletime (60 minutt). Runden som 1.-4. trinn spring er ca. 400 meter. Runden 5.-7. trinn spring er noko lengre.



Vi vil understreka at sponsinga er frivillig. Alle elevane spring saman med klassen sin uavhengig om dei blir sponsa eller ikkje.

Dersom de vil gje bidrag til sponsorløpet, kan de velja slik:

- Fast beløp
- Rundebeløp (**til dømes** kr 10-15 pr. runde barnet spring)

Det er de heime som lagar avtale med dykkar barn om eventuell sponsing. Eit lite tips kan vera å spørja besteforeldre, tanter, onklar, naboar eller familievennar om dei har lyst til å vera med på sponsinga! Det er lov å ha fleire sponsorar. Sponsorlapp blir sendt heim som ranselpost. De heime vil få melding på visma om kva dag trinnet har sponsorløp og etterpå kor mange rundar barnet dykkar sprang. De reknar ut og vippser beløpet til: 826758.

Navn på elev:		
Navn på sponsor	Rundebeløp	Fast beløp